# Volda kommune

## Møteprotokoll

| | |
|---|---|
| **Utval:** | Tenesteutval for forvaltning og utvikling |
| **Møtestad:** | Festsalen, Volda samfunnshus |
| **Dato:** | 04.05.2026 |
| **Tid:** | kl. 13.00 - 15.40 |

| **Frammøtte** | **Representerer** | **Funksjon** |
|---|---|---|
| | Ap | medlem |
| Petter Espe | H | medlem |
| Anders Egil Straume | KrF | leiar |
| Henriette Hafsaas | MDG | medlem |
| Hans Peter Eidseflot | SP | nestleiar |
| Olin Bruheim Løvlid | SP | medlem |
| Øyvind Espe | SV | medlem |
| Benedikte Holmberg | UAV | medlem |

| **Forfall** | **Representerer** | **Vara** | **Representerer** |
|---|---|---|---|
| Terje Følsvik | Frp | | |
| Brynhild Helene Solvang | Ap | Øyvind Festø | Mdg |

**Andre som møtte:**
Tor Halvar Flacké Botnen – Kommunalsjef Samfunnsutvikling
Jørgen Vestgarden – Avdelingsleiar Utvikling
Edvin Løfoll – Avdelingsleiar veg og park
Børild Skåra - rådgjevar Landbrukskontoret

## Sakliste

| Sak nr. | Sakstittel | Arkivsaksnr. |
|---|---|---|
| PS 21/26 | Godkjenning av innkalling og sakliste | 26/1368 |
| PS 22/26 | Godkjenning av protokoll | 26/1368 |
| PS 23/26 | Orienteringar | 26/1368 |
| OS 10/26 | Synfaring Myrtun, Rotsetstranda 18 | 26/1368 |
| OS 07/26 | Orientering til TFU om tilstanden på vegar i Volda kommune | 26/1253 |
| OS 08/26 | Utfasing av Rotset vassverk | 26/1242 |
| OS 09/26 | Vedtak frå Statsforvaltaren- Byggesak - Volda 182/174 - Harevadet 68 - fritidsbustad | 25/2003 |
| PS 24/26 | Referatsaker | 26/1368 |
| PS 25/26 | Landbruksvegar - Sledalen beitelag - Volda - gnr 235 m.fl. | 26/1307 |
| PS 26/26 | Planering av jordbruksareal - Ola Inge Seljeset - Volda - gnr 200 bnr 1 | 26/1330 |
| PS 27/26 | Forslag til nye forskrifter og endringar i eksisterande forskrifter på viltområdet - høyringsuttale Volda kommune | 26/1259 |
| PS 28/26 | Lokal forskrift om utvida bandtvang i Volda kommune - høyringsuttale frå TFU | 25/3463 |
| PS 29/26 | Oversending av klage til Statsforvaltar - Klage på vilkår for dispensasjon - Oppføring av 4-mannsbustad - Rotsetstranda 11 - Gnr 30 bnr 325 | 24/874 |
| PS 30/26 | Klage på avslag oppretting av punktfeste - Bjørnesetsætra 25 - Gnr 86 bnr 32 | 24/4808 |
| PS 31/26 | Handsaming av klage på avvisningvedtak - Viltgjerde Unnateke offentlegheita | 25/4004 |
| PS 33/26 | Vegen til Heidatun – spørsmål om kommunal overtaking | 20/71 |
| PS 32/26 | Delegerte saker | 26/1368 |

Volda, 06.05.2026

Anders Egil Straume
leiar

## PS 21/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

### Vedtak:
Innkalling og sakliste vart godkjent utan merknad.

### Behandling:

Det var åtte røysteføre ved møtestart.

Det var synfaring i samband med OS 10/26 ved møtestart.

Det var ingen merknadar til innkalling eller saklista.

## PS 22/26 Godkjenning av protokoll

**Vedtak:**
Møteprotokollen frå førre møte vart godkjend utan merknad.

**Behandling:**

Det var ingen merknadar til møteprotokollen frå førre møte.

## PS 23/26 Orienteringar

**Vedtak:**
Orienteringssakene vart tekne til vitende.

**Underliggande sak:**

| Saksnr. | Tittel |
| --- | --- |
| 10/26 | Synfaring Myrtun, Rotsetstranda 18 |
| 07/26 | Orientering til TFU om tilstanden på vegar i Volda kommune |
| 08/26 | Utfasing av Rotset vassverk |
| 09/26 | Vedtak frå Statsforvaltaren- Byggesak - Volda 182/174 - Harevadet 68 - fritidsbustad |

**Behandling:**

Orienteringssakene vart tekne til vitende.

## OS 10/26 Synfaring Myrtun, Rotsetstranda 18

**Behandling:**

Tenesteutvalet for forvaltning og utvikling var på synfaring på Myrtun. Utvalet fekk ei orientering om bygningsmassen, maskiner og utstyr.

## OS 07/26 Orientering til TFU om tilstanden på vegar i Volda kommune

**Behandling:**

Avdelingsleir for veg og park, Edvin Løfoll, svarte på spørsmål

## OS 08/26 Utfasing av Rotset vassverk

## OS 09/26 Vedtak frå Statsforvaltaren- Byggesak - Volda 182/174 - Harevadet 68 - fritidsbustad

## PS 24/26 Referatsaker

**Vedtak:**
Referatsakene vart tekne til vitende.

**Underliggande sak:**

| Saksnr. | Tittel |
|---|---|
| 01/26 | Vurdering av buplikt - 1577 Volda gnr 235 bnr 5 |

**Behandling:**

Referatsakene vart tekne til vitende.

## PS 25/26 Landbruksvegar - Sledalen beitelag - Volda - gnr 235 m.fl.

**Vedtak:**
Tenesteutval forvaltning og utvikling viser til søknad dagsett 04.03.2026 frå Sigurd Bogen Saure på vegne av 924 535 490 Sledalen beite/fellesseter ANS om løyve til å byggje landbruksvegar mv i Sledalen.
Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier, fastsett av Landbruksdepartementet 28.05.2015, fattar tenesteutvalet følgjande vedtak:
Sledalen beite/fellesseter får løyve til å byggje landbruksvegar som omsøkt då vegane er viktige for drifta av setra, og skal tene trafikken mellom fjøs og beiteareala. Ein legg særleg vekt på at gode drivvegar er viktig dyrevelferdstiltak. I løyvet inngår massetak for bygging og vedlikehald av vegane og arealet ikring fjøsen.
Tiltaket er vurdert etter §§ 7-12 i naturmangfaldslova. Ein har ikkje avdekka at tiltaket kjem i konflikt med naturmangfaldet på staden.

Vilkår for løyvet:
1. Drivvegane skal utformast slik skissene i søknaden syner
2. Vegane vil ha ei enkel oppbygging med masse frå eige massetak
3. Ein skal søkje å leggje vegane slik at dei glir godt inn i terreng, og særleg syne varsemd ved kryssing av bekkar
4. Bruken av massetaket er avgrensa til bygginga og vedlikehaldet av tiltaka som inngår i søknaden
5. Arbeidet må starte innan 1. mai 2027 og avsluttast innan 1. mai 2030.

**Behandling:**

**Røysting (åtte røysteføre):**
Det vart røysta over tilrådinga frå kommunedirektøren. Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

**Kommunedirektøren si tilråding:**

Tenesteutval forvaltning og utvikling viser til søknad dagsett 04.03.2026 frå Sigurd Bogen Saure på vegne av 924 535 490 Sledalen beite/fellesseter ANS om løyve til å byggje landbruksvegar mv i Sledalen.
Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier, fastsett av Landbruksdepartementet 28.05.2015, fattar tenesteutvalet følgjande vedtak:
Sledalen beite/fellesseter får løyve til å byggje landbruksvegar som omsøkt då vegane er viktige for drifta av setra, og skal tene trafikken mellom fjøs og beiteareala. Ein legg særleg vekt på at gode drivvegar er viktig dyrevelferdstiltak. I løyvet inngår massetak for bygging og vedlikehald av vegane og arealet ikring fjøsen.
Tiltaket er vurdert etter §§ 7-12 i naturmangfaldslova. Ein har ikkje avdekka at tiltaket kjem i konflikt med naturmangfaldet på staden.

Vilkår for løyvet:
1. Drivvegane skal utformast slik skissene i søknaden syner
2. Vegane vil ha ei enkel oppbygging med masse frå eige massetak
3. Ein skal søkje å leggje vegane slik at dei glir godt inn i terreng, og særleg syne varsemd ved kryssing av bekkar
4. Bruken av massetaket er avgrensa til bygginga og vedlikehaldet av tiltaka som inngår i søknaden
5. Arbeidet må starte innan 1. mai 2027 og avsluttast innan 1. mai 2030.

## PS 26/26 Planering av jordbruksareal - Ola Inge Seljeset - Volda - gnr 200 bnr 1

### Vedtak:
Med heimel i *forskrift om begrensning av forurensning kapittel 4; anlegg, drift og vedlikehold av planeringsfelt*, vert det gjort følgjande vedtak:
Kommunen vedtek at Ola Inge Seljeset får løyve til å planere 12 daa på eigedomane gnr 200 bnr 1 og gnr 199 bnr 3 i Volda.
Tiltaket skal utførast i samsvar med søknaden og vedlegg motteke 03.04.2025. Grunngjeving for løyve er at faren for erosjon frå arealet er liten.

Ein set desse vilkåra for løyvet:
- Under arbeidet skal ein gjere naudsynte tiltak for å hindre avrenning/erosjon til vassdrag.
- Ein har meldeplikt, og skal stogge arbeidet, dersom ein gjer funn av kulturminne eller tilsvarande.
- Løyvet gjeld frå no og til 01.05.2027.

### Behandling:

**Røysting (åtte røysteføre):**
Det vart røysta over tilrådinga frå kommunedirektøren. Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

**Kommunedirektøren si tilråding:**
Med heimel i *forskrift om begrensning av forurensning kapittel 4; anlegg, drift og vedlikehold av planeringsfelt*, vert det gjort følgjande vedtak:
Kommunen vedtek at Ola Inge Seljeset får løyve til å planere 12 daa på eigedomane gnr 200 bnr 1 og gnr 199 bnr 3 i Volda.
Tiltaket skal utførast i samsvar med søknaden og vedlegg motteke 03.04.2025. Grunngjeving for løyve er at faren for erosjon frå arealet er liten.

Ein set desse vilkåra for løyvet:

- Under arbeidet skal ein gjere naudsynte tiltak for å hindre avrenning/erosjon til vassdrag.
- Ein har meldeplikt, og skal stogge arbeidet, dersom ein gjer funn av kulturminne eller tilsvarande.
- Løyvet gjeld frå no og til 01.05.2027.

## PS 27/26 Forslag til nye forskrifter og endringar i eksisterande forskrifter på viltområdet - høyringsuttale Volda kommune

### Vedtak:
Volda kommune syner til høyring av forslag til nye forskrifter og endringar i eksisterande forskrifter på viltområdet og har følgjande innspel:
Framlegget til **§ 29a i forskrift om utøving av jakt, felling og fangst om bruk av termiske siktemiddel i hjortejakta** er vanskeleg å gjennomføre på kommunenivå. Det vil krevje unødig store ressursar og er unødvendig byråkratisk, og tek ikkje omsyn til at hjorteforvaltninga skal gå føre seg på større einingar på tvers av kommunegrenser for ta omsyn til hjorten sin arealbruk. Det bør ikkje vere ulike reglar i kommunar som deler hjortebestand, og ei vurdering av bruk av termiske siktemiddel bør difor gjerast på høgare nivå enn kvar kommune. Ei eventuell opning for bruk av termiske siktemiddel bør gjerast av Staten på nasjonalt nivå, eventuelt av Fylkeskommunen på regionalt nivå.

### Behandling:

**Røysting (åtte røysteføre):**
Det vart røysta over tilrådinga frå kommunedirektøren. Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

**Kommunedirektøren si tilråding:**
Volda kommune syner til høyring av forslag til nye forskrifter og endringar i eksisterande forskrifter på viltområdet og har følgjande innspel:
Framlegget til **§ 29a i forskrift om utøving av jakt, felling og fangst om bruk av termiske siktemiddel i hjortejakta** er vanskeleg å gjennomføre på kommunenivå. Det vil krevje unødig store ressursar og er unødvendig byråkratisk, og tek ikkje omsyn til at hjorteforvaltninga skal gå føre seg på større einingar på tvers av kommunegrenser for ta omsyn til hjorten sin arealbruk. Det bør ikkje vere ulike reglar i kommunar som deler hjortebestand, og ei vurdering av bruk av termiske siktemiddel bør difor gjerast på høgare nivå enn kvar kommune. Ei eventuell opning for bruk av termiske siktemiddel bør gjerast av Staten på nasjonalt nivå, eventuelt av Fylkeskommunen på regionalt nivå.

## PS 28/26 Lokal forskrift om utvida bandtvang i Volda kommune - høyringsuttale frå TFU

### Vedtak:
TFU ser der formåls tjenelig å ha like reglar for bandtvang i Volda og Ørsta, TFU meinar hensynet til vilt underbygger at det er fornuftig å sette det til 31.oktober. TFU ser på allmenne friluftstinteresser blir godt ivaretatt med utvida bandtvang.

**Behandling:**
Forslag frå Tenesteutval for forvaltning og utvikling, foreslått av Anders Egil Straume, Kristeleg Folkeparti
TFU ser der formåls tjenelig å ha like reglar for bandtvang i Volda og Ørsta, TFU meinar hensynet til vilt underbygger at det er fornuftig å sette det til 31.oktober. TFU ser på allmenne friluftstinteresser blir godt ivaretatt med utvida bandtvang.

**Røysting (åtte røysteføre):**
Det vart røysta over forslaget frå Straume. Straume sitt forslag vart samrøystes vedteke.

**Kommunedirektøren si tilråding:**
Lagt fram utan tilråding.

## PS 29/26 Oversending av klage til Statsforvaltar - Klage på vilkår for dispensasjon - Oppføring av 4-mannsbustad - Rotsetstranda 11 - Gnr 30 bnr 325

**Vedtak:**
Tenesteutval for forvaltning og utvikling avviser klage på urimelege vilkår for dispensasjon. Det vert vist til forvaltningslova (fvl.) § 31 første ledd, jf. plan- og bygningslova § 1-9.

Dette vedtaket og øvrige relevante saksdokument vert sendt Statsforvaltar for endeleg avgjerd.

**Behandling:**

**Røysting (åtte røysteføre):**
Det vart røysta over tilrådinga frå kommunedirektøren. Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

**Kommunedirektøren si tilråding:**
Tenesteutval for forvaltning og utvikling avviser klage på urimelege vilkår for dispensasjon. Det vert vist til forvaltningslova (fvl.) § 31 første ledd, jf. plan- og bygningslova § 1-9.

Dette vedtaket og øvrige relevante saksdokument vert sendt Statsforvaltar for endeleg avgjerd.

## PS 30/26 Klage på avslag oppretting av punktfeste - Bjørnesetsætra 25 - Gnr 86 bnr 32

**Vedtak:**
Saken utsettes for å bli behandlet ved en senere anledning.

**Behandling:**
Utsetjingsframlegg, foreslått av Anders Egil Straume, Kristeleg Folkeparti

Saken utsettes for å bli behandlet ved en senere anledning.

**Røysting (åtte røysteføre):**
Det vart røysta over utsetjingsframlegget først. Utsetjingsframlegget vart samrøystes vedteke.

Saka vart utsett.

**Kommunedirektøren si tilråding:**

1. I medhald av pbl § 28-1 jf TEK17 kap 7 § 7-3 jf. forvaltningslova § 33 meiner Tenesteutvalet for forvaltning og utvikling at klagen til Janne Løfoll ikkje inneheld nye moment som tilseier at utvalet bør endre vedtak i sak 43/26 datert 16.02.2026.

2. Dette vedtaket, klage frå Janne Løfoll, samt andre relevante dokument i saka vert sendt til Statsforvaltaren i Møre og romsdal for endeleg avgjerd.

## PS 31/26 Handsaming av klage på avvisningvedtak - Viltgjerde

### Vedtak:
Tenesteutval for forvaltning og utvikling held fast på avvising av klage. Det vert vist til plan- og bygningslova § 1-9, jf. forvaltningslova § 28 første ledd.

Dette vedtaket og øvrige relevante saksdokument vert sendt Statsforvaltar for endeleg avgjerd, jf. pbl. § 1-9.

### Behandling:

**Røysting (åtte røysteføre):**
Det vart røysta over tilrådinga frå kommunedirektøren. Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

**Kommunedirektøren si tilråding:**

Tenesteutval for forvaltning og utvikling held fast på avvising av klage. Det vert vist til plan- og bygningslova § 1-9, jf. forvaltningslova § 28 første ledd.

Dette vedtaket og øvrige relevante saksdokument vert sendt Statsforvaltar for endeleg avgjerd, jf. pbl. § 1-9.

## PS 33/26 Vegen til Heidatun – spørsmål om kommunal overtaking

### Vedtak:
1. Volda kommune opprettheld tidlegare vedtak om at vegen til Heidatun ikkje skal takast over til kommunalt vedlikehald.

2. Vegen vert rekna som privat, og ansvar for drift og vedlikehald ligg hos dei private rettshavarane.

3. Saka vert med dette avslutta frå kommunen si side.

## Behandling:

Edvin Løfoll, avdelingsleiar veg og park, møtte og svarte på spørsmål frå utvalet.

**Røysting (åtte røysteføre):**
Det vart røysta over tilrådinga frå kommunedirektøren. Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

**Kommunedirektøren si tilråding:**
1. Volda kommune opprettheld tidlegare vedtak om at vegen til Heidatun ikkje skal takast over til kommunalt vedlikehald.

2. Vegen vert rekna som privat, og ansvar for drift og vedlikehald ligg hos dei private rettshavarane.

3. Saka vert med dette avslutta frå kommunen si side.

# PS 32/26 Delegerte saker

## Vedtak:
Dei delegerte sakene vart tekne til vitende.

**Underliggande sak:**

| Saksnr. | Tittel |
|---|---|
| 61/26 | Svar på bygging av skogsveg - Stian Haugen - 1577 Volda - gnr 182 bnr 9 |
| 95/26 | Svar på søknad om bygging av skogsveg - Anders Telset - 1577 Volda - gnr 164 bnr 1 |
| 76/26 | Adressevedtak - Berknesvegen 166 - Gnr 7 bnr 6 |
| 93/26 | Avvising av søknad om dispensasjon - Andanesvegen 42 - Gnr 30 bnr 18 |
| 68/26 | Dispensasjonsvedtak - Oppføring av garasje - Skrivarvegen 6 - gnr 30 bnr 217 |
| 69/26 | Dispensasjonsvedtak - Oppføring av garasje - Hjellegjerdet 1 - gnr 13 bnr 65 |
| 72/26 | Endringsvedtak - Tilbygg til einebustad - Kleppevegen 42 - gnr 17 bnr 80 |
| 97/26 | Endringsvedtak - Oppføring av bustadhus - Gamlevegen 29 - gnr 17 bnr 27 |
| 83/26 | Endringsvedtak - Riving av mindre lagerbygning og oppføring av tilbygg til garasje-/ hangarbygning - Furene 4, 6105 Volda - gnr 11 bnr 58 |
| 88/26 | Endringsvedtak - Støyskjerm - Bruksendring 1. etg til barnehage - Nyvoll 4 - gnr 185 bnr 7 |
| 94/26 | Ferdigattest - Bruksendring - Granlida 21 - gnr 20 bnr 200 |
| 84/26 | Ferdigattest - Bruksendring fra tilleggsdel til hoveddel i underetasje - Krikebøvegen 12 - gnr 27 bnr 83 |
| 77/26 | Ferdigattest - Bygging av garasje - Engesetgeila 12 - gnr 18 bnr 37 |
| 116/26 | Ferdigattest - Innvendig ombygging - Sjukehusvegen 6A - gnr 19 bnr 396 |
| 71/26 | Ferdigattest - Oppføring av 2 lavblokker - Prestegata 17 og 19 - gnr 30 bnr 450 |

| | |
|---|---|
| 65/26 | Ferdigattest - Oppføring av garasje m.m - Vestre Dalsbygdvegen 24 - gnr 128 bnr 6 |
| 64/26 | Ferdigattest - Rehabilitering av pipe - Svorastranda 26 - gnr 209 bnr 1 |
| 98/26 | Ferdigattest - Rehabilitering av skorstein - Hole 20 - gnr 231 bnr 2 |
| 106/26 | Ferdigattest - Søknad om endring av løyve - høgd tilbygg - Geitabakken 3 - gnr 35 bnr 2 |
| 82/26 | Ferdigattest - Søknad om løyve i eitt trinn - nytt bygg - einebustad - Eidheimsvegen 86 - gnr 6 bnr 7 |
| 108/26 | Ferdigattest - Søknad om løyve i eitt trinn/ tilbygg - Svorastranda 26 - gnr 209 bnr 1 |
| 81/26 | Ferdigattest - Tilbygg til bustadhus - Nørdalsvegen 334 - gnr 91 bnr 1 |
| 78/26 | Frådeling etter jordlova for forlenging av falleigeavtale - Sundal Kraft AS - 1577 Volda gnr 63 bnr 1-4, gnr 64 bnr 1-2, gnr 65 bnr 1-4, gnr 66 bnr 1-2, gnr 67 bnr 1, gnr 68 bnr 1 |
| 109/26 | Igongsettingsløyve - Nytt industribygg - Raudemel 28 - gnr 203 bnr 25 |
| 103/26 | Igongsettingsløyve - Oppføring av bustad - Småslåtten 3 - gnr 21 bnr 141 |
| 113/26 | Igongsettingsløyve for garasje i Nesavegen 12 - gnr 19 bnr 500 |
| 101/26 | Løyve til bygging av nytt pipeløp frå fyrrom i Vikebygdvegen 456 - gnr 23 bnr 5 |
| 96/26 | Løyve til oppføring av fritidsbustad i Harevadet 53 - gnr 182 bnr 143 |
| 114/26 | Løyve til tiltak - Garasje - Kleppevegen 10 - gnr 18 bnr 443 |
| 63/26 | Løyve til tiltak - Garasje - endring av bygg utvendig - tilbygg - Kårstadvegen 10 - gnr 19 bnr 432 |
| 85/26 | Løyve til tiltak - Einebustad med hybel eller sokkelleilighet - Bratteberg 7 - gnr 21 bnr 148 |
| 90/26 | Løyve til tiltak - Garasje og støttemur - Bjørkevegen 11 - gnr 17 bnr 248 |
| 107/26 | Løyve til tiltak - Nytt bygg -einebustad - Rasmusvegen 20 - gnr 20 bnr 610 |
| 105/26 | Løyve til tiltak - Oppføring av einebustad og garasje m.m - Legene - gnr 19 bnr 1023 |
| 70/26 | Løyve til tiltak - Rehabilitering av skorstein - Hole 20 - gnr 231 bnr 2 |
| 89/26 | Løyve til tiltak - Riving av bygning og opparbeiding av parkeringsplass - Kløvertunvegen 10 - gnr 19 bnr 254 |
| 86/26 | Løyve til tiltak - Riving av garsje og oppsett av redskapsbod - Klørivegen 4 - gnr 16 bnr 3 |
| 80/26 | Mellombels bruksløyve - Einebustad med garasje - Driveklepp 32 - gnr 22 bnr 44 |
| 66/26 | Mellombels bruksløyve - Bruksendring 1. etg til barnehage - Nyvoll 4 - gnr 185 bnr 7 |
| 92/26 | Omadressering - Gamletunvegen 15 - Gnr 18 bnr 185 |
| 56/26 | Rammeløyve - Carport med altan og levegg - Furebakken 3 - gnr 20 bnr 138 |
| 79/26 | Rammeløyve - Nytt anlegg - telekommunikasjon - Engane 82 - gnr 187 bnr 1 |
| 73/26 | Rammeløyve - Nytt industribygg - Raudemel 28 - gnr 203 bnr 25 |
| 100/26 | Rammeløyve for utskifting av kommunale VA-leidningar i gatene Lyngbakken, Røysmyrvegen og Nytun - gnr 19 bnr 990 m.fl. |
| 99/26 | Retta Mellombels bruksløyve - Skogsveg - Furene 16 - gnr 12 bnr 61 |
| 74/26 | Svar på søknad om tilskot til skogsveg - Stian Haugen - 1577 Volda - gnr 182 bnr 9 |
| 102/26 | Svar på søknad om tilskot til traktorveg |
| 91/26 | Utgår - Mellombels bruksløyve - Skogsveg - Furene 16 - gnr 12 bnr 61 |
| 67/26 | Vedtak om deling - Gnr 11 bnr 58 - Oppretting av matrikkeleining - Furene 4 |
| 112/26 | Vedtak om seksjonering - 2-mannsbustad - Rasmusvegen 24A og B - gnr 20 bnr 632 |
| 111/26 | Vedtak om seksjonering - 2-mannsbustad - Rasmusvegen 28A og B - gnr 20 bnr 630 |
| 110/26 | Vedtak om seksjonering - Rasmusvegen 26A og B - gnr 20 bnr 631 |

## Behandling:

**Røysting (åtte røysteføre):**
Det vart røysta over tilrådinga frå kommunedirektøren. Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.